



Innst. S. nr. 89

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget frå utanrikskomiteen

St.prp. nr. 19 (2008–2009)

Innstilling frå utanrikskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Utanriksdepartementet

Til Stortinget

SAMANDRAG

I proposisjonen blir det foreslått endringar i løyvingane under Utanriksdepartementet sitt budsjett for 2008.

Innanfor programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om endringar på til saman 8,2 mill. kroner under kap. 100 Utanriksdepartementet, kap. 103 Regjeringas fellesløyving for representasjon og kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser

til utlandet. Under kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar blir det gjort framlegg om ein auke på 8 mill. kroner til tilskot til internasjonale organisasjonar. Det blir vidare gjort framlegg om ein reduksjon på 151 mill. kroner til EØS-finansieringsordninga og Den norske finansieringsordninga, som begge kan overførast, på grunn av forseinkingar i prosjektgjennomføring og innsending av betalingskrav.

På budsjettet for ODA-godkjend utviklingshjelp under programområde 03 blir det gjort framlegg om omfordeling av 29,2 mill. kroner. Det blir òg gjort framlegg om ein reduksjon av bistandsramma med 21,5 mill. kroner som følge av at overslaget over utgifter til flyktningar i Noreg som er godkjend som offisiell utviklingshjelp, blir redusert.

MERKNADER OG TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen sluttar seg til dei foreslåtte endringane. Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
100		Utanriksdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	2 700 000
		frå kr 1 511 863 000 til kr 1 514 563 000	
103		Regjeringas fellesløyving for representasjon	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med	2 000 000
		frå kr 17 522 000 til kr 15 522 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
104		Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 9 232 000 til kr 5 732 000	<u>3 500 000</u>
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med frå kr 1 063 281 000 til kr 1 071 281 000	<u>8 000 000</u>
	72	EØS-finansieringsordninga, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 500 000 000 til kr 469 000 000	<u>31 000 000</u>
	73	Den norske finansieringsordninga, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 650 000 000 til kr 530 000 000	<u>120 000 000</u>
140		Utanriksdepartementet sin administrasjon av utviklingshjelpa	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 893 322 000 til kr 890 938 000	<u>2 384 000</u>
141		Direktoratet for utviklingshjelp (Norad)	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 171 920 000 til kr 173 220 000	<u>1 300 000</u>
160		Sivilt samfunn og demokratiutvikling	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 33 500 000 til kr 31 000 000	<u>2 500 000</u>
161		Næringsutvikling	
	70	Næringsutvikling, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 277 500 000 til kr 262 500 000	<u>15 000 000</u>
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naturkatastrofar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 335 000 000 til kr 342 000 000	<u>7 000 000</u>
	71	Humanitær hjelp og menneskerettar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 2 175 534 000 til kr 2 191 900 000	<u>16 366 000</u>
166		Tilskot til ymse tiltak	
	70	Ymse tiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 2 116 000 til kr 0	<u>2 116 000</u>
	72	Internasjonale miljøprosessar og berekraftig utvikling, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 461 000 000 til kr 465 500 000	<u>4 500 000</u>
167		Flyktingtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med frå kr 827 476 000 til kr 805 993 000	<u>21 483 000</u>
170		FN-organisasjonar mv.	
	78	Bidrag andre FN-organisasjonar mv., <i>kan overførast</i> , blir redusert med .. frå kr 168 220 000 til kr 161 020 000	<u>7 200 000</u>

Oslo, i utanrikskomiteen, den 3. desember 2008

Olav Akselsen
leiar og ordførar